



Finn Christian Skjennum er dagleg leiar i Njord Salmon, tidlegare Tjeldbergodden Settefisk.
(Arkivfoto: FiskeribladetFiskaren)

Ser betring med postsmoltproduksjon

Njord Salmon, tidlegare Tjeldbergodden Settefisk, tapte også i fjor pengar på produksjon av stor smolt og postsmolt. Frå fjerde kvartal vart det gjennomført og levert fullskala produksjon med tilfredsstillande resultat,

 Joar Grindheim

Publisert: 01.09.2015 05:00 Oppdatert: 31.08.2015 18:14

Inntektene i fjor var på 10,7 millionar kroner, opp frå 5,6 millionar kroner i 2013.

Driftsresultatet var på -13 millionar kroner mot -8,4 millionar kroner året før.

I løpet av fjoråret vart det gjennomført emisjonar som tilførte selskapet 14,3 millionar kroner i ny eigekapital. I dag er det Kontrari, Dolphin Management og Tjeldbergodden Invest som eig selskapet med ein tredjedel kvar.

- Selskapet har i 2014 fokusert primært på eit utviklings- og testprogram for postsmolt i samarbeid med eit større oppdrettskonsern. Med bakgrunn i resultat frå testproduksjonen, blei det frå fjerde kvartal 2014 gjennomført og levert ein fullskala produksjonsrunde med tilfredsstillande resultat. Basert på resultatata frå storskalaproduksjonen, signerte Njord Salmon i mars 2015 ein ny avtale med eit leiande oppdrettskonsern om å levere tre grupper med stor postsmolt over ein tidsperiode på eitt år, opplyser styret i årsrapporten.

Postsmolt frå produksjonen i 2014 er sett ut i tradisjonelle sjøanlegg. Rapportane tilbake er tilfredsstillande tilvekst og dødelegheit etter utsett.

- Styret er derfor av den oppfatning at selskapet har dokumentert god biologisk framgang i 2014. Det er forventa at selskapet vil oppnå tilfredsstillande lønsemd over drifta i 2015, fortel styret i årsrapporten.

Njord Salmon har konsesjon til å produsere 15 millionar settefisk/smolt frå rogn til 250 gram. I tillegg har selskapet dispensasjon til å produsere inntil 5 millionar postsmolt frå 250 gram til 1 kg. Utsleppsløyvet gjeld for ein biomasse på 2.400 tonn.

Landanlegget på Tjeldbergodden er vidareutvikla over fleire år for produksjon av stor postsmolt. Produksjonskapasiteten i dag er på rundt 2 millionar postsmolt (400-500 gram) årleg, og det er fem tilsette i selskapet.

- Etterspurnaden etter postsmolt er aukande. Njord Salmon har betydelege utvidingsmoglegheiter innafor eksisterande konsesjonar og utsleppsløyver, skriv styret og opplyser at det i fjor vart brukt mykje ressursar på å definere og prosjektere dei neste utbyggingstrinna av

Relaterte artikler

- Eigarane skyt inn meir pengar i Tjeldbergodden Settefisk
- Flere tillatelser for Tjeldbergodden Settefisk AS

anlegget.

Ved årsskiftet hadde selskapet ein eigenkapital på 35,6 millionar kroner. Samla gjeld var på 20,7 millionar kroner der 14,5 millionar kroner var langsiktig.

Nøkkeltal Njord Salmon (tal i millionar kroner)

	2014	2013	Endring
Inntekter	10,7	5,6	91,1 %
Driftsresultat	-13,0	-8,4	-
Resultat før skatt	-14,1	-9,4	-
Årsresultat	-14,1	-9,4	-
Driftsmargin	-	-	-